

Voss og omland LOP

Protokoll frå årsmøtet

Årsmøtet vart halde i Velferdssentralen torsdag 13. februar 2025 frå kl 17.00.

Leiaren Gunnvor Børsheim Lindland ynskte alle velkomne.

Det var 28 personar til stades.

1. Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.
2. **Konstituering av årsmøtet:**
Møteleiar: Gunnvor Børsheim Lindland
Referentar: Knut Farestveit og Asle Nesheim
Teljekorps: Astrid Holtekjølen og Knut Farestveit
Underskriving av protokollen: Gunnvor Børsheim Lindland og Ragnhild Mølster Lidal i tillegg til referentane.
3. **Årsmeldinga for 2024** vart gjennomgått av leiaren, Gunnvor B. Lindland, og vart godkjend samrøystes.
4. **Rekneskapen for 2024** vart gjennomgått av kasseraren, Terje Pedersen. Ola Folkestad hadde revidert rekneskapen som vart godkjend samrøystes. Det kom ynske om at rekneskapen bør sendast ut til medlemene saman med årsmeldinga.
5. **Val.** Astrid Skiple frå valnemnda styrde valet.
Leiar: Gunnvor Børsheim Lindland, attvald for eitt år.
Tre styremedlemer var ikkje på val: Torunn Langmyhr Ringheim, Astrid Holtekjølen og Annlaug Stalheim.
Tre styremedlemer var på val:
Terje Pedersen, attvald for eitt år.
Knut Farestveit, attvald for to år.
Asle Nesheim, attvald for to år.
Tre varamedlemer:
 1. Ingebjørg Reisæter Skorpen, attvald for eitt år.
 2. Einar Horvei, attvald for eitt år.
 3. Agnar Lundblad, attvald for eitt år.**Revisor:**
Ola Folkestad, attvald for eitt år.
Vara: Klara Skaare Laupsa, attvald for eitt år.
Valnemnd:
Grete Marie Vikan, for eitt år.
Inger Birkeland, for to år.
Kolbjørn Blikås, for tre år.
6. **Saker frå styret.**
Reviderte normalvedtekter for lokallaga skal innførast frå 1. januar 2026. Innspel frå Voss og omland LOP:
 - Paragraf 3. ÅrsmøtetVal av leiar for **eitt år**.
Val av **tre** styremedlemer for to år.
Val av revisor for **eitt år** og vararevisor for eitt år.
Valnemnd for neste årsmøte: **tre medlemer**.

- Paragraf 5. Styret

Lokallaget vert leia av styret som er lokallaget sitt øvste mynde mellom årsmøta. Det består av leiar og 6 styremedlemer. Begge kjønn skal vera representerte. Varamedlemene har høve til å møta på styremøta sjølv om dei ikkje har forfall. Alle varamedlemene skal få tilsendt innkalling med saksdokument.

- Paragraf 6. Revisor

Lokallaget skal ha ein revisor med vara som er valde på årsmøtet.

Resten av framlegget til normalvedtekter for lokallag har Voss og omland LOP ingen merknad til.

Framlegget vart godkjent.

Kontingenten. Framlegg frå styret: **100 kr for 2025.** Etter vedtak på landsmøtet er den sentrale kontingenten for 2025 på 395 kr. **Den totale kontingenten vert då 495 kr.**

Framlegget vart vedteke.

Etter at me var ferdige med årsmøtesakene orienterte Ragnhild Mølster Lidal om arbeidet i eldrerådet. Ho er Voss og omland LOP sin representant i rådet. Knut Farestveit er vara. Det vert vist til heradet si nettside om eldrerådet. Det er planlagt ein eldrefest dette året og.


Astrid Holtekjølen orienterte om den planlagde varturen.


Gunnvor Børsheim Lindland orienterte om framlegget som har kome om at posten skal hentast på ein «opsamlingsplass». LOP har sendt ut til lokallaga eit lesarbrev til bruk i lokalavisene. Gunnvor omset brevet til nynorsk, og leverer det til avisa Hordaland.

Før me byrja på årsmøtesakene, viste naturfotograf Arne K. Mala naturbilete og fortalde om arbeidet sitt som naturfotograf. Det var svært fine bilete og interessant å høyra om arbeidet.

Møtet slutt kl 20.00.


Knut Farestveit
referent


Asle Nesheim
referent


Gunnvor Børsheim Lindland
leiar


Ragnhild Mølster Lidal